

## Notat til orientering

**Til:** Hovudutvalet for opplæring

**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

### Program for auka gjennomføring - spor 2

#### Bakgrunn for notatet

Fylkesdirektøren for opplæring legg fram eit notat om satsinga i program for betre gjennomføring spor 2. For at satsinga skal ha best mogleg føresetnad for å lukkast, er det ein føresetnad at ho er godt forankra i heile organisasjonen.

#### Program for betre gjennomføring - spor 2

Program for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring» er ei vidareføring av «Ny GIV». Ny GIV var regjeringa si satsing frå 2010 for å auke gjennomføringa av vidaregåande opplæringa. Vidareføringa skal etablere eit forsterka samarbeid med fylkeskommunane for å nå måla om auka gjennomføring.

#### Satsinga er delt i to:

Spor 1: Arena for erfaringsutveksling.  
 (Notat frå fylkesdirektøren til HO møte 02.06.2015 – sak 18/15).

Spor 2: Utprøving og effektevaluering (forskning).

Spor 2 har som mål å vise korleis eksisterande tiltak kan vidareutviklast for å få betre resultat, eller vise nye tiltak som forskning og tidlegare erfaring gir grunn til å tru har effekt. Regjeringa har sett av 40 mill. kr per år i tre år til spor 2-satsinga.

Forskning har vist at psykososiale helseproblem er ei aukande årsak til at unge ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring (Brage og Thune 2015, Berg og Thorbjørnsrud 2009). I tillegg har erfaringar frå Spor 1- prosjektet vist at fråværsproblematikk knytt til elevane si psykiske helse, er ei stadig tilbakevendande utfordring for gjennomføring av opplæringa. Fylkesdirektøren meiner at gode prosessar for nærvær, trivsel og læringsmiljø er grunnleggande føresetnadar for å auke gjennomføringa.

I spor 2-satsinga til kunnskapsdepartementet er det oppmoda om at fylkeskommunane skal søkje saman om utfordringar dei ønskjer å få prøvd ut. Samstundes skal desse effektevaluerast saman med eit forskarmiljø. Fylkesdirektøren har difor i lag med Troms-, Nordland- og Hordaland fylkeskommunar skrive ein intensjonsavtale med HEMIL-senteret, Oxford Research og Nordlandsforskning for å sjå kva tiltak det kan vere interessant og relevant å forske på innanfor det psykososiale læringsmiljøet.

Fram til 15. september har det vore ein samanhengande dialog mellom fylkeskommunane og forskarane. Dette resulterte i ein felles søknad for prekvalifisering til kunnskapsdepartementet si spor-2 satsing. Søknaden gjekk vidare i prekvalifiseringa. Fylkeskommunane er no saman med forskarane inne i ein dialogfase for å spisse søknaden slik at vi kjem inn i anbuds konkurransen.

Vedlagt fyl intensjonsavtalen, skisse til prekvalifiseringssøknaden og kvalifiseringsgrunnlaget frå kunnskapsdepartementet.

Nedanfor ligg framdriftsplanen fram mot endeleg søknad, og evt. realisering av prosjektet.

| Tidspunkt | Aktivitet   |
|-----------|---|
| September | Fylkeskommunane har signert intensjonsavtale og prosjektleiar har dialogmøte med alle fylkeskommunane (FK) for å avklare forventingar, ønskjer og roller. Fylka byrjar allereie no å planlegge rekruttering av skular slik at dei er på plass før 1. desember |
| Oktober   | Forskarane/prosjektleiar møter rektorar og mellomleiarar på dei vidaregåande skulane og informerer om prosjektet og tiltaka. Fellesmøte mellom forskarane og alle FK med fokus på å avklare design, budsjett og gjennomføring.                                |
| November  | Fellesmøte mellom forskarane og alle FK med fokus på innhaldet i søknaden. FK må levere sine innspel til budsjett og aktuelle skuler må vere rekrutterte. Dersom mogleg bør det leggst til rette for eit informasjonsmøte på aktuelle skuler.                 |
| Desember  | Innlevering av søknad   |
| Februar   | Forskarane møter dei involverte skulane og gir meir konkret informasjon om prosjektet   |
| Mars      | Byrje opplæring av involverte ved dei enkelte skular  |
| April     | Dialogmøte mellom forskarane, FK og skulene for kvalitetssikring av framdrift   |
| Juni      | Dialogmøte mellom forskarane, FK og skulane for kvalitetssikring av framdrift og bu starten til hausten   |
| August    | Oppstartsmøte mellom forskarane, FK og skulane før skulestart og planlegging av samarbeidet utover hausten.   |

Vedlegg:       Intensjonsavtale  
                   Skisse til prekvalifiseringssøknaden  
                   Kvalifiseringsgrunnlaget frå kunnskapsdepartementet.